



Surnadal Idrettslag

**Postboks 1
6656 Surnadal**

Referat frå styremøte i Surnadal IL

Tid: Måndag 24. oktober 2016 kl. 19.00-21.00.
Neste møte: 12. desember 2016.
Stad: Syltøran
Referent: Øystein Hjelle Bondhus

Til stades: Ola Mogstad
Vidar Ulvestad
Anders Grimsmo
Ole Sæterbø
Stian Faksnes
Øystein Hjelle Bondhus
Erling Fiske
Svein Dalen

Forfall: Ronny Edvardsen.

Sakliste:

Sak 29/16 Godkjenning av referat frå styremøtet 12. september

Referatet er godkjent

Sak 30/16 Ekstern revisor og momsregistrering

Det vart orientert om innhenta tilbod og tilhøyrande krav om momsregistrering frå Nordmøre Revisjon. Dei utløysande faktorane, potensielle konsekvensar og prosessen vidare vart gjennomgått.

Merknad:

- Det er ønske om infomøte med regnskapsfører og/eller revisor etter nyttår.

Vedtak:

1. Surnadal Idrettslag engasjerer Nordmøre Revisjon som ny ekstern revisor.
2. Surnadal Idrettslag blir registrert i momsregisteret frå og med regnskapsåret 2017.

Sak 31/16 Vedtak av ny fordelingsnøkkel

Fordelingsnøkkelgruppa sitt utkast vart gjennomgått.



Surnadal Idrettslag

***Postboks 1
6656 Surnadal***

Forslag til endring: For kolonna i fordelingsnøkkelen som omhandlar kostnader, siste kjente rekneskap – ikkje budsjett – vere grunnlaget.

- Vedtak:**
1. Styret vedtek at idrettslaget brukar den framlagte modellen. Grunnlaget for kostnadskolonna skal vere siste kjente rekneskap.
 2. Styret revurderer vektinga av aktivitetstal kvart år.
 3. I 2016 skal følgjande vekting brukast: aktivitet tel 50 prosent, medlemstal frå siste idrettsregistrering tel 25 prosent og kostnader tel 25 prosent.

Sak 32/16 Årsmøte 2017

Årsmøtet i Surnadal IL i 2017 vert arrangert 30. mars.

Fram mot årsmøtet skal det arrangerast hovudstyremøter 12. desember, 13. februar og 13. mars.

Forslag til køyreplan for innlevering av budsjett, bilag og årsmeldingar vart framlagt, med følgjande nøkkeldatoar:

- 30.11.: Gruppene leverer budsjett til Øyvind Magnor Bøe og dagleg leiar.
- 15.1.: Gruppene leverer bilag til Øyvind Magnor Bøe, Kombi Regnskap.
- 15.2.: Gruppene sender ferdig årsmelding for 2016, i korrekt mal, til dagleg leiar.

Sak 33/16 Orienteringssaker

- Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv v/Øystein

Dagleg leiar er medlem i det kommunale planutvalet for denne plana, og orienterte om status og vidare framdrift. Alle SIL sine prosjekt som kan utløyse spelemidlar må med i plana.

- Status sponsor- og medlemsarbeid v/Øystein

Dagleg leiar orienterte om status for sponsor- og medlemsarbeidet.

Alle gruppene må sette fokus på innbetaling av medlemskontingent ut året.

Det har vore ringt rundt til medlemmar vi ikkje har registrert e-postadresser på for å skaffe desse, slik at det elektroniske medlemssystemet er mest muleg oppdatert.

For 2017 skal vi få på plass en form for medlemsbevis, ideelt sett elektronisk via ein app eller liknande.



Surnadal Idrettslag

***Postboks 1
6656 Surnadal***

Styret ønskjer å innføre strengare sanksjonar overfor dei som ikkje har betalt. Dagleg leiar lagar og sender ut eit notat om vedtaket under, som gjeld heile idrettslaget.

- Vedtak:**
1. Personar som ikkje har betalt medlemskontingent til Surnadal IL får ikkje delta i konkurransar, renn, kampar og liknande aktivitetar.
 2. For gruppene som startar konkurransesesongen på hausten (til dømes Alpint, Handball og Langrenn) gjeld punkt 1 i vedtaket frå og med 1. desember kvart år.
 3. For gruppene som startar konkurransesesongen på våren (til dømes Fotball, Friidrett og Frisbeegolf) gjeld punkt 1 i vedtaket frå og med 1. april kvart år.

- Status mål og visjonar v/Arbeidsutvalet

AU orienterte om status for arbeidet, som skal ende med vedtak på årsmøtet i 2017.

Sak 34/16 Eventuelt

Hovudlaget sin del av sponsormidlar i 2017

Innspelet gjaldt kor stor prosentdel av sponsormidlane som i 2017 vil gå til hovudlaget.

Etter den vedtekne sponsorstrategien til Surnadal IL kan opp til 20 prosent av innkomne sponsormidlar gå til hovudlaget. Som ein del av dette vert 100 prosent av kulturmidlar og grasrotmidlar (og LAM, som pålagt av NIF) betalt ut til gruppene, mot 2/3 tidlegare.

Grunntanken er at hovudlaget ikkje sit att med meir enn det er behov for. I 2015 gjekk 0 prosent til hovudlaget, medan 10 prosent gjekk til hovudlaget i 2016. Endeleg avgjerd for 2017 kjem i samband med budsjettprosessen i andre halvdel av november, men det er ikkje venta at det blir nokon auke av hovudlaget sin del frå 2016 til 2017.

Fellesmøte i idrettsrådet

Torsdag 3. november er det fellesmøte i idrettsrådet, der mellom anna fordeling av LAM (lokale aktivitetsmidlar) står på agendaen. Surnadal IL stiller med dagleg leiar og nestleiar i styret.